



NOVAFORM AS
Stokkamyrveien 22

4313 SANDNES

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Saksnummer	Dykkar ref.	Dato
Torill Slåke	982 98 302	2024/3086		28.10.2024

LØYVE TIL TILTAK - EITT-TRINNSSØKNAD – delegert vedtak

Tiltak:	Nytt anlegg - vesentleg terrenginngrep – sprenging og tilrettelegging av industritomt – BN9, del av BN7 og BN8 – ca 51.000 m ³ / areal 7960 m ²
Gnr/bnr:	134/85
Byggestad/adresse:	Børnes 4, 5463 Uskedalen
Tiltakshavar:	EIDSVIK & SELSTAD EIGEDOM AS, Børnes 4, 5463 USKEDALEN
Ansvarleg søkjar:	NOVAFORM AS, Stokkamyrveien 22, 4313 SANDNES
Matrikkel:	-

Delegert vedtaksnr.: 2024/433

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 20-3 vert søknad journalført 29.08.2024 og tilhøyrande planar og teikningar godkjent. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklassar, gjennomføringsplan og ansvarsrettar for funksjonane SØK, PRO og UTF.

- Novaform AS – SØK
- Stord Anlegg AS
- Brødrene Musland Maskin AS

Nabomerknad frå Kvinnherad kommune, Rune Hjørnevåg og Hjørnevåg Eigedom AS er ikkje teke til følgje. Merknadane er kommentert og avklara av ansvarleg søkjar.

Vilkår:

1. Det skal i perioden der tomteplaneringa pågår takast særleg omsyn til nærliggjande bedrifter og naboar, slik at det fører til minst mogleg ulempe i høve til støy og støv frå aktiviteten på eigedommen. Støykrav i føresegnene § 2.4 skal til ei kvar tid leggjast til grunn for arbeidet.

2. Knusing av massar kan ikkje igangsetjast før det er gitt løyve til knuseverk, jf. pbl § 20-1, og eventuell dispensasjon frå føresegnene i planen, pkt. 2.5. Knuseverk skal og sendast til Statsforvaltaren for vurdering etter forureiningslovverket.

3. I samband med søknad om knuseverk etter plan- og bygningsloven må det liggja føre riggplan som syner at planføresegnene vert imøtekomne når det gjeld støyskjerming og støvutslepp. Det må og ligga føre teknisk plan som står i høve til omfanget av tiltaket.

4. Innmåling av ytterkant ferdig tomteplanering må sendes inn når tiltaket er ferdig. Det må og søkjast om ferdigattest, jf. pbl § 21-10 og SAK 10 § 8-1.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og PBL § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

Grunnlag for løyvet

- Plassering: Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, medrekna vassforsyning, avløp, tilkomst, avstands- og høgdereglar, grunn og miljøkrav og tekniske krav, jamfør vilkår i løyvet ovanfor.
- Det er sendt inn massehandteringsplan for tiltaket datert 26.08.2024.
- Nabovarsel: Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla. Det ligg føre merknader.
- -Kvinnherad kommune v/eigedomforvaltar - 134/34 oppgjev følgjande:
Kommunen si avdeling for veg og park driv no og prosjekterer og planlegg bygging av ny veg. Bed om oversikt på korleis massar skal handterast og kor lang tid det skal ta med transport, mellomlagring av massar osv. Kommunen gjer og merksam på eit område til sjø som er regulert til blågrøn struktur og at ein ikkje kan sprengja til sjø her. Arealet skal jf. «føresegnene fungere som landskapsskjerm og grøntområde. Det er ikkje tillate med bygningar eller lagerverksemd innanfor føremålet. Det er tillate med tiltak i grunnen, som framføring av leidningar og kablar. Eksisterande vegetasjon og Båresteinen innanfor G3 skal oppretthaldast.» Søknaden er her ikkje i samsvar med planen og krev dispensasjon eller planendring.
- Ansvarleg søkjar har kommentert merknaden
Planen er å tilrettelegga områda i reguleringsplan BN9 og delvis BN7 for framtidig næringsvirksomhet. Grunnen for at de er delvis BN7 som vert sprengt ned til regulert kote er for å ta med stigning på veg SKV5. På dronefoto er det beklageleg teikna ei pil til sjø ved BN7. Denne er no retta i vedlagt foto. Det skal sprengast ned på Kote 6 på BN7 etter føresegner i reguleringsplan. Når BN87 er på kote 6 vil det naturleg være ein landskapsskjerm då dette området er frå ca kote 5 og ned til sjø. Renderingen er frå tidleg i prosjekt/planarbeid. Og er lagt ved for i hovudsak vise høgdeforskjell på dei forskjellige områda BN8 kote 8 BN9 kote 3 og BN7 kote 6 Kai merka med lilla under her er ikkje intensjon om å bygga. Håpar dette er avklarande. Når det gjelder massehandtering så skal ein del av massar nyttast for opparbeiding av områda. Overskuddsmassar vil bli mellomagra for andre prosjekter i nærområdet. Det er ønskeleg for tiltakshavar å fått til eit møte med kommunen i form av Prosjektavdeling, Veg/park og byggesak. Så kan mykje av spørsmåla takast opp i plenum. Ein vil og kanskje kunne samkjøre prosjekta vegbygging og tilrettelegging av næringsområda. Viser og til vedlagt bilde Børnes- fjell langs veg. Her har tiltakshaver etterspurt tilbakemelding om opparbeiding av grenseområdet mellom BN8 og SKV1 sjå bilete. Denne saka hadde og vert fint å tatt opp i eit slikt møte.
- - Rune Hjørnevåg - 134/93 oppgjev følgjande i sin merknad:
Stiller spørsmål som nabo vedk. meir trafikk på vegen inn og ut av området før dette evt er utbetra etter vedtatt ny plan. Også opptatt av tidsplan og bruk av massar, anleggsarbeid er alltid krevjande.
- - Hjørnevåg eigedom AS - 134/63 oppgjev følgjande i sin merknad:

Vi er positive til næringsutvikling og snarleg etablering av nye arbeidsplassar på Børnes. Vi stiller spørsmål ved tidsbruk og korleis massar skal handterast ved dette tiltaket. Vi ynskjer også å vite kva næring som er tenkt på området. Det er som kjent utfordringar med krysset inn og ut av hovudvegen, og auka trafikk på dette krysset vil vera krevjande før dette er utbedra. Vi som matprodusent på Børnes er opptatt av at området ikkje vert brukt som masseuttak og mellomlagring av massar over tid, slik som deler av områda på Børnes har blitt brukt til over altfor lang tid.

Ansvarleg søkjar kommenterer begge merknadane som følgjer:

Når det gjeld korleis massar skal handterast ved tiltaket legg vi ved Massehandteringsplan.

Pr. i dag kan vi ikkje gje eit forpliktande tidsbruk for oppstart og ferdigstilling. Vi sender no søknad og håpar på oppstart i september/oktober slik at haust/vinter kan nyttast til boring og sprenging. Vi ynskjer å kunna vera i posisjon til å kunna levera stein til tiltak i Grøn næringspark, på Husnes.

Vårt uttak av massar på Børnes er for tilrettelegging av sjønært næringsareal ihht. godkjent reguleringsplan (Planid.: 20190006) Vi minner om plan og bygningslova § 1-9, som fastset:

«Det kan i byggesaken ikke klages på forhold som er avgjort i bindende reguleringsplan»

Direktoratet for mineralforvaltning har i høyringsuttale til reguleringsplan bekrefta at uttak av massar på Børnes ikkje er omfatta av mineralloven og følgelig treng vi ikkje konsesjon.

Vi vil få overskotsmassar som må mellomlagrast i ein periode for seinare bruk i lokale prosjekt i kommunen. Vi kjenner til fleire prosjekt som vil få avklaring i løpet av hausten.

Så snart vi får avklaringar om lokale prosjekt som har behov for massar vil vi kunna oppdatere tidsplan, men pr i dag legg vi til grunn ca. 2-2,5 år.

Børnes er registrert med mineralforekomst i NGU sin kartdatabase og vår bearbeiding av og mellomlagring av overskotsmassar for seinare bruk i lokale prosjekt meiner vi er i tråd med «Bærekraftig massehandtering i plan».

Iflg Bærekraftig massehandtering i plan (Statsforvaltaren i Vestland – 13 des 2022)

Utdrag:

«Nasjonal strategi for ein grøn, sirkulærøkonomi» (16.06.2021)

«Ei meir ressurs effektiv handtering av overskotsmassar vil kunne redusere behovet for nytt mineralsk byggeråstoff, redusere behovet for areal til deponering av massar, betre logistikken og reduserer transport, klimagassutslepp og kostnadene ved mange infrastrukturprosjekt.» Uttak av byggeråstoff (pukk, grus, sand) til byggje og anleggsføremål med korte transport avstandar og reduserte klimagassutslepp er viktig. God arealplanlegging kan medverke til det. I tillegg er det viktig å gjenvinne mineralske massar av god kvalitet som byggeråstoff, der det er mogleg.

Når det gjeld krysset mot FV 500, kan vi ikkje sjå at omsøkt tiltak vil skapa trafikale utfordringar utover det som er status pr. i dag.

Storparten av anleggsarbeidet vil foregå inne på omsøkt areal og vil ikkje ha innverknad på krysset opp mot FV 500.

Pr. i dag foregår det tømmertransport med bil og hengar til og frå tømmerkaien, utkøyring av lagra overskotsmassar til lokale prosjekt med bil og hengar, annan næringstrafikk til dykk og andre verksemder på Børnes, utan at dette har medført trafikale utfordringar som vi er kjent med.

Avslutningsvis vil vi nemna bruk av overskotsmassar frå vår tomteopparbeiding til lokale prosjekt:

- Brannstasjonstomta på Husnes
- Naust og boligtomter
- Seniorsenteret
- Husnes Brygge
- Lonabrotsvegen på Husnes
- Erslandsparken
- Skogsveggar i Uskedalen og Handelandsdalen
- Husnes nye barneskule
- Utviding av uteareal tidlegare Husnes Motor

Vi håpar med dette å ha svart ut dykkar merknad på ein god måte, og at vi no får til ei rask sakshandsaming hos Kvinnherad kommune, slik at vi får utført delar av anleggsarbeidet i haust/vinter for å vera til minst mulig sjenanse for omkring liggjande bedrifter og naboar.»

Dette svaret gjeld Hjønnvåg eigedom AS:

Støvnedfallsmålingar ihht. NS-4852 på dykkar areal vil vi fortsetja med som i dag, og oversende månedlige rapportar til dykk.

Når det gjeld utførte støvnedfalls målingar i perioden november 2023 – til og med juli 2024, så ligg dei godt under kravet på 5g/m² pr. 30 dagar. Høgaste måling har vore 2,9 g/m² når vi knuste i november 2023. I perioden etter november og fram til i dag der ein har hatt lagring og utkøyring av massar har høgaste måling vore 2,7 g/m² og lavaste 0,11 g/m². Sjå vedlegg.

Når det gjeld næring som er tenkt på området viser vi til Føresegner § 3.3.1. og Planomtalen § 3.2.3.

Næring BN 1 – 12. Omsøkt tiltak går på tilrettelegging av næringsareal og ut frå beliggenhet og djupne forhold ser vi mot marine og maritime næringar for deler av området.

Administrasjonen meiner det må takast omsyn til ny veg/utbetringa av krysset til fylkesveg 500 når arbeidet med dette startar opp. Dette må evt. avklarast i arbeidsvarslingsplan og dialog med kommunen v/ Avdeling for veg og park.

Statsforvaltaren i Vestland har ved tidlegare høve stadfesta at knuseverket på Børnes må sjåast på som eit stasjonært knuseverk. Dette må difor vurderast etter både plan- og bygningsloven og forureiningslovverket før drifta vert sett i gang, sjå vilkår 2 og 3 i løyvet. Kommunen må vurderer om stasjonært knuseverk krev dispensasjon frå føresegnene i reguleringsplanen pkt 2.5

Merknadane frå naboar er avklara og tilstrekkeleg svart ut av ansvarleg søkjar og tiltakshavar.

- Nabomerknadane er ikkje teken til følgje, jamfør vedtaket ovanfor.
- Ansvar: Alle deler av tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege føretak.
- Estetikk: Tiltaket har god utforming i høve til rimelege estetiske omsyn. Det må takast særlege omsyn ved gjennomføring av tiltaket, og det vert vist til føresegnene pkt 2.7.
- Naturmangfaldlova: Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området.
- Kulturminne: Ingen registreringar i området. Ved eventuelle funn, må arbeidet stoppast, og melding sendast til Vestland Fylkeskommune.
- Vedtaket vert sendt til Direktoratet for Mineralforvaltning til informasjon.
- Knusing av steinmassar krev løyve frå Statsforvaltaren i Vestland etter forureiningslovverket.
- Plassering av knuseverk krev og løyve etter plan og bygningsloven § 20-1.

Merknader

- Dette løyvet er sendt til ansvarleg søkjar som skal varsle utførande og kontrollerande om løyvet og vilkåra til dette. Likeins skal han saman med ansvarleg kontrollerande leggja til rette for gjennomføringa av kontrollen.
- Rekning for saksbehandlorgebyr ifølgje vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.
- Søknad om ferdigattest med oppdatert gjennomføringsplan og sluttdokumentasjon må sendast kommunen i samsvar med PBL § 21-10 når tiltaket er ferdig. Tiltaket må ikkje takast i bruk før ferdigattesten eller mellombels bruksløyve ligg føre.
- Kommunen har plikt til å føre tilsyn i byggesaker. Ref. PBL § 25-1. Kvinnherad kommune har utarbeidd og godkjent eigen tilsynsstrategi. Kommunen kan føre tilsyn kva tid som helst i løpet av byggesaka og inntil 5 år etter at ferdigattest er gitt.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **www.dibk.no**

For kommunedirektøren i Kvinnherad

Torill Slåke
Fagkoordinator byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:

Referatsak forvaltningsutvalet

Direktoratet for mineralforvaltning

Kvinnherad kommune – Grethe Sandvik

Rune Hjørnevåg

Hjørnevåg Einedom AS